

**Notat**

Midlertidig sperret  
 OfI § 4, Offentleggjering ikkje vurdert enno

**Til:** Fylkesutvalet, møte 23.november 2016

**Frå:** Fylkesrådmannen

## Notat - Debatthefte – KS spør. Mellomoppgjøret 2017

Fylkesrådmannen viser til «Debatthefte - KS spør. Mellomoppgjøret 2017», som er sendt ut i samband med KS sin strategikonferanse 8. og 9. februar 2017. Konferansen er eit ledd i arbeidet med å utarbeide KS sitt mandat for lønsoppgjeret i 2017. Debattheftet gir oversikt over sentrale problemstillingar som kan bli aktuelle under forhandlingane i 2017.

Fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane har vedteke slik prosess for handsaming av KS sitt debatthefte i høve innspel til KS:

- *Rådmannsutvalet førebur eit framlegg til fellesuttale og presentere dette på Strategikonferansen*
- *Kommunane/fylkeskommunen/bedriftene må handsame debatthefte på politisk/overordna nivå og gi innspel til det førebuingarbeidet rådmannsutvalet med bistand frå dei regionale personalnettverka skal gjere. Frist for tilbakemelding til KS Sogn og Fjordane: 31. desember 2016. Vi ber om uttaler også etter denne fristen, dersom nokon ikkje klarer å overhalde den.*
- *Dersom politisk handsaming ikkje er muleg innan denne fristen, ber vi om å få tilsendt administrative saksframlegg med opplysning om når politisk handsaming vil skje.*
- *Det er svært viktig å skape god forankring for det mandatet KS skal gå inn i forhandlingane med, og for å unngå uønskete situasjonar, slik vi til dømes opplevde ved tariffoppgjeret 2014 knytt til arbeidstidsavtala for undervisningspersonalet.*
- *Framlegg til uttale vert deretter handsama i rådmannsutvalet og lagt fram for fylkesstyret*
- *Det vert i tillegg på Strategikonferansen, utover rådmannsutvalet sin presentasjon og innlegg frå KS sentralt, lagt opp til førebudde politiske innlegg og gruppearbeid knytt til handsaminga av debatthefte*
- *Ein redaksjonskomité vil bli etablert og vere i arbeid under konferansen med sikte på å fange opp innspel/synspunkt som kan vere aktuelle å innarbeide i framlegget som seinare vert handsama og gjort endeleg vedtak i på det påfølgjande Fylkesmøte.*

KS ber altså om innspel frå politisk hald på dei problemstillingane og spørsmåla som er stilt i debatthefte.

I 2017 er det mellomoppgjer, der dei sentrale partane i utgangspunktet berre skal forhandla om lønnsregulering. Fleire lønsreguleringar for 2017 blei avtala i det sentrale oppgjeret i 2016, så handlingsrommet er stramt. I tillegg til mellomoppgjeret skal hovudavtalen og fleire viktige særavtalar reforhandlast i 2017. For vår del gjeld det arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale, som går ut 31.12.2017.

**Notatet legg til rette for drøfting og konklusjonar i FU. Fylkesrådmannen sender FU sine konklusjonar over til KS Sogn og Fjordane.**

## Lokale forhandlingar 2017

Mellomoppgjeret skal forhandlast på grunnlag av:

- den ordinære økonomiske situasjonen og utsiktene for 2017
- lønnsutviklinga for arbeidadarar og funksjonærar i industrien i LO/NHO-området, andre offentlege tilsette og andre samanliknbare tariffområde
- estimert ramme i frontfaget 2017

I hovudoppgjeret for 2016 vart partane samde om å setje av 0,9 % til lokale forhandlingar i HTA kapittel 4, med verknadstidspunkt per 1.9.2017.

KS har overfor arbeidstakarorganisasjonane sagt at ev. disponible midlar i 2017 bør brukast til å justere den lokale potten.

*KS spør*

**Spørsmål 1:** Korleis meiner Sogn og Fjordane fylkeskommunen at ei ev. endra disponibel ramme bør nyttast?

**Svar:** Endre verknadstidspunktet.

**Grunngjeving:** 2017 er første gongen vi gjennomfører lokale forhandlingar etter innføring av nytt system for garantiløn. Vi er usikre på den langsiktige verknaden av den lokale potten. Alternativet er å auke ramma på den lokale potten.

## Hovudavtalen

Hovudavtalen gir dei lokale partane handlingsrom for å finne felles løysningar. Samhandlinga mellom partane fungera gjennomgåande godt. Hovudavtalen går ut 31.12.2017.

*KS spør*

**Spørsmål 2:** Ser Sogn og Fjordane fylkeskommunen behov for å gjere endringar i Hovudavtalen?

**Svar:** Nei.

## Særavtale SFS 2213 - Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale

Tariffavtalen regulerer:

- arbeidstid.
- føresegner om lokale forhandlingar om arbeidstid og lengda på arbeidsåret.
- ei rekke føresegner knytt til årsrammer for undervisning, livsfasetiltak, tidsressursar m.m.

Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonalet er eit verktøy, for blant anna å kunne gjennomføre kvalitetsarbeidet i skulen.

Det er viktig at særavtalen gir tilstrekkeleg handlingsrom for skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar til å utvikla skulen i høve nasjonale og lokale mål.

Arbeidstidsavtalen må leggja til rette for lokalt samarbeid og ein kollektiv samhandlingskultur som styrkar profesjonsfellesskapet og dermed kvaliteten i skulen.

Arbeidstida i skulen må også organiserast slik at lærarane får høve til å førebu og gjennomføre god undervisning og til å fylgja opp den enkelte elev.

Etter gjeldande arbeidstidsavtale skal arbeidstida og lengda på arbeidsåret forhandlast om lokalt. Partane skal med utgangspunkt i lokale behov og avtalen sine intensjonar prøve å koma frem til formålstenlege arbeidstidsordningar for den enkelte skule og fylkeskommunen.

KS meiner at erfaringane så langt viser at det har vært gode prosesser lokalt, og konstruktiv dialog knytt til arbeidstidsorganisering og lokale behov. Det har likevel i svært liten grad ført til endringar i den lokale arbeidstidsordninga, sjølv om mange skuleleiarar og skuleeigarar har ønska dette.

*KS spør*

**Spørsmål 3:** Ser Sogn og Fjordane fylkeskommunen behov for særskilte endringar i særavtalane som har utløp i 2017?

**Svar:** SF2213 bør reforhandlast.

**Grunngjeving:** Det har vore store endringar i norsk skule dei siste 40 åra. Krava som blir stilt til skuleeigar, skulen og pedagogane er vesentleg meir omfattande enn nokon gong. For å møte desse krava er ein avhengig av tid til kollektive prosessar og kollektiv utvikling. I dag er arbeidstids-avtalen eit hinder for å få til dette og for å utvikle norsk skule. På nokre av våre skular er det særskilt krevjande å få til felles møtetid innanfor ramma av arbeidstidavtalen og timeplanlegginga. Utgangspunktet bør vere spelereglane i arbeidslivet elles og at dei tilsette skal bruke all arbeidstida på arbeidsplassen.

## **Inkludering – frå utanforskap til arbeid**

Kommunar og fylkeskommunar er inkluderande arbeidsgjevarar som ønskjer å leggje til rette for mangfald. Dei har gjennom IA-avtalen forplikta seg til å opne opp for arbeidsutprøving av personar som står utanfor arbeidslivet.

KS meiner at det må bli betre samanheng mellom arbeidskraftsbehov i kommunesektoren, utdanningstilbod på alle nivå og virkemiddelapparatet i NAV for å bidra til eit meir inkluderande arbeidsliv.

*KS spør*

**Spørsmål 4:** Kva kan bidra til at fleire personar, som står utanfor arbeidslivet, bli tilsett i fylkeskommunen?

**Spørsmål 5:** Korleis kan NAV gi god og formålstjenleg bistand til fylkeskommunen som arbeidsgjevar, slik at fleire kjem i arbeid?

**Svar:** Auka tiltak (bistand og økonomi) til arbeidstrening og arbeidspraksis. Døme kan vere at NAV bidreg med meir praktisk hjelp og tettare dialog med arbeidsgjevar, og ved styrka økonomiske verkemiddel. Dette for å stimulere arbeidsgjevar til å ta i mot fleire arbeidsledige til arbeids-trening/ arbeidspraksis og til å få fleire arbeidsledige til å ta i mot arbeidstrening/arbeidspraksis.

**Grunngjeving:** Vi opplever sjeldan at NAV-lokalt er i kontakt med arbeidsgjevar om å ta imot personar for arbeidstrening/arbeidspraksis. Truleg kan betre dialog mellom NAV-lokal og NAV-arbeidslivssenteret (som administrerer IA-avtalen) vere eit aktuelt tiltak. Arbeidsgjevar opplever at meirarbeidet med å leie, organisere og gi opplæring til personar i arbeidstrening/arbeidspraksis blir ei «dørstokkmil». Opplevd innsats samsvarar ikkje med opplevd vinst.